



Denne gule planten utløyer ein dødeleg sjukdom (Foto: Artikkel frå Noregs Veterinærhøgskole)

Den giftige liljeplanten rome eller romegras som har gule blomar utløyer sjukdommen alveld som tek livet av lam på fjellbeite. Det har Arne Haugland i Uskedalen erfart denne sommaren. Han har mista 5 lam på dette viset og fryktar at 6 til som han førebels ikkje har funne har lidd den same skjebnen



Sau på Døsslandsido som er velfødde nede att frå fjellet (Foto: Ola Matti Mathisen)

Veterinær Bjarne Lilleaas fortel til uskedalen.no at det einskilde år er særleg mykje av denne planten i visse områder og dette året har det tydelegvis vore mykje i eit område ved Mannsvatnet. Det er ikkje så mykje å gjera for å stoppe denne sjukdommen bortsett frå å få sauene inn i eit mørkt rom.

Det startar med at dyra blir blinde og så utviklar sjukdommen seg på dramatisk vis til koldbrann. Alveld er den viktigaste av fleire sjukdommar som sauene gjerne får på utmarksbeite. Tyrihjelmer er ein annan plante som sauene av og til vert forgifta av.

Sjukdommen alveld er kjent langs heile kysten frå Oslofjorden til Lofoten. I dei hardast ramma distrikta kan den vera ein av dei største tapsårsakane for sau på beite. Der planten er vanleg, et sauar og lam mykje av den, særleg tidleg i sesongen. Nokre år går det bra, medan giftdosen blir for stor andre år og det har altså vore tilfelle i år i vårt område.

Tidlegare har også flåtten vore ei lei plage for bønder som slepp sauene sine i desse områda, men slik har det ikkje vore i år, melder Haugland.

Ellers får uskedalen.no opplyst at det framleis saknast ein god del sau på begge sider av dalen. Til dømes gjeld det 6-7 dyr på andre sida av dalen, men dei skal vera sett i det sentrale Nåsø-massivet.

Av Ola Matti Mathisen